

Møte i u-råd, VBU, torsdag, 050320

Tilstade: Jonas (10), Ine (9), Ole-Viljam (9), Amalie (8), Leander (8), Olav, Harald, Solvor (9)

Sak 1:problem på U-klubb

Førige ungdomsklubb skjedde det hærverk, ein gummi fotballmann vart øydelagt/sprekt. Vang IL trua med anmelding på grunn av hendinga men vi avtalte å betale og rydde opp sjølv. Mykje spekulasjonar angående hendinga, vi diskuterte litt om ulike konsekvensar og samling av info. Tillit blir gitt og lite kjem av det som blir gitt, få vaskar etter seg og det må bli litt strengare på kva vi i u-rådet har til oppgåver. Alltid fint om det blir meldt på kven som tar ansvaret på blant anna vasking. Vaffelsteiking og anna urydding på samfunnskjøkkenet vart rapportert av bursdag dagen etter klubben. leiaren meiner at u-klubben burde flyttast til eget hus for eksempel Åsvang. Natteramnar vart også litt diskutert, for å passe litt på uteområdet osv. med vi kjem nok til å fortsette å bruke dei same foreldra berre at dei kanskje beveger seg litt meir i uteområdet men det er vi enda litt usikre på. Utestenging av dei som øydeleggjar var eit alternativ men det vill påverke mengda med folk som kjem. Politiet burde kome å prate litt om hærverk syns U-rådet. Olav meiner at utstyrlageret skal vera låst og at alle kjem til han når dei skal ha noko så han kan følgje med og låse etter henting av utstyr.

Sak 2: koronafilm ble vist for u-råd.

Underskrevet av referent Ole-Viljam Skjefte og resten av U-rådet.